

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/1547-1

Årsrapport 2018 og Årsplan 2019. Regional plan for verdiskaping

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner årsrapport 2018 for arbeidet med regional plan for verdiskaping
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek årsplan 2019 for arbeidet med regional plan for verdiskaping. Dersom det ikkje er fullt samsvar mellom fylkeskommunen sitt budsjettvedtak for 2019 og økonomioversikt i årsplan 2019 for verdiskapingsplanen, så er det tala i budsjettet som gjeld for fylkeskommunale aktiviteter.

Vedlegg:

- Årsrapport for 2018
- Årsplan for 2019

Andre relevante dokument i saka:

- Regional plan for verdiskaping. (www.verdiskapingsplanen.no)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Det er føresett at Regional plan for verdiskaping skal følgjast opp med ein årsplan. Det er også laga ein eigen årsrapport. Dette er gjort for å utvikle betre resultatvurdering.

Historikk - tidlegare vedtak

Regional plan for verdiskaping vart rullert med vedtak i fylkestings sak 25/2018.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Økonomisk medverknad frå fylkeskommunen i 2019, slik dette er omtala i årsplanen, vil avvike frå fylkeskommunen sitt budsjett for 2019 ved at finansiering kan vere løyvd i andre kalenderår. Dersom det er tvil, er det alltid årsbudsjettet som gjeld.

Rettslege konsekvensar

Ingen spesielle ut over det som gjeld for planar med status som regional plan

Personalpolitiske konsekvensar

Årsplanen legg føringar for tidsbruk i fylkeskommunen

Plankonsekvensar

Ingen vesentlege endringar

Klima- og miljøkonsekvensar

Føringa for arbeidet er berekraftig utvikling.

3. Konklusjon

Årsplanen for 2019 byggjer på vedtak av rullert verdiskapingsplan i juni 2018 i Fylkestinget. I arbeidet med gjennomføring, vil det alltid komme endringar. Desse endringane kan ikkje karakteriserast som vesentlege.

Fylkeskommunen har laga ein årsrapport for arbeidet. Vi har utvikla eit verdiskapingspanel for statusgjennomgangen i 2018. Årsrapporten bygger på dette arbeidet. Vi skulle ønskje det kunne vere enklare å stille saman verkemiddelbruken frå ulike verkemiddelaktørar. Føresetnaden for slik forenkling må initierast frå nasjonalt nivå.

Arbeidet vart vurdert og justert i vedtak i fylkestinget i juni 2018. Det at vi slo saman nyskaping og kunnskap, var eit nyttig grep. Elles har den satsinga som vi har streva mest med å få på beina – fornybar energi – no kome i gang med hydrogensatsinga og arenastatus for Ocean Hyway Cluster som viktigaste element.